



Sundag ettermiddag klokka 14 går årets fotballkamp her i distriktet når Rosendal og Trio skal kjempa om KM-titelen i klasse J14. Oppgjeret skjer på Kvednabekkjen på Husnes.

Rosendal har ein kvartett frå Uskedalen på laget: Kari Bråtun, Ingebjørg Haugland, Kathrine Yri Røssland og Anne Marte Zimmer (biletet).

Trenar Magne Skår seier til Kvinnheringen at det er ein stor prestasjon av begge laga frå Kvinnherad å komma så langt. Denne sesongen har det vore fire puljer for jentene i denne aldersgruppa.

- Å komma så langt er kjekt for Kvinnheradfotballen generelt og jentefotballen spesielt, seier Skår.

Dette er jo jamne og gode lag og trenaren spår eit tett og spennande oppgjer.

Rosendal-laget har ikkje tapt i år men har spela uavgjort to gonger.

Dei har klart å kapra poeng sjølv på spelemessig dårlege dagar.

Dei to laga står godt til kvarandre og det er vanskeleg å rangera nokon favoritt, seier dei som har følgd laga gjennom sesongen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)



J14-laget etter semifinalen (Foto: Kvinnheringen)